

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.06.2019

### Handsaming i møtet

Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av Bybanen utbygging og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Deloitte vil gjera nokre redigeringsmessige endringar i revisjonsrapporten og ny versjon av rapporten vert å sende sekretariatet.

Spørsmålet om presentasjon av revisjonsrapporten for fylkestinget i oktober vert å komme tilbake til i neste møte.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. At det vert utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:
  - a. dei ulike oppgåvene som inngår i hovudprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og
  - b. dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar.
2. Etablere systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen.
3. Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinn, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnader som skal vidarefakturert og når kostnadane skal betalast inn.
4. Evaluere prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbettringspunkt som det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarande kontraktar.
5. At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumententeret i Hordaland fylkeskommune.
6. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.